

Uglekviss

Set ein ring rundt talet framføre rett svar.


Kvifor skal vi skylle, brette og stappe mjølkekartongar?

1. For å verte sterke
2. Fordi vi liker å gjere reint
3. For å lage nytt papir



Kvar kan vi levere ein øydelagd mobiltelefon?

1. Der dei sel mobiltelefonar
2. Der vi kastar matrestar
3. I ei skuffe på kjøkenet



Kva er plast laga av?

1. Sagflis
2. Glas
3. Olje



Kva tyder dette?

1. Kjøp flasker og boksar her
2. Lag ei kjempegod suppe
3. Kast flasker og boksar her



Kva er ein attvinningsstasjon?

1. Ein stad der vi vinn om att og om att
2. Ein togstasjon
3. Ein stad der vi kan levere avfall som vi har sortert



Kva er kompost?

1. Ein dessert laga av frukt
2. Jord laga av planterestar og matrestar
3. Ein komponist

Kvar skal vi kaste ein øydelagd sofa?

1. Setje han utanfor døra til naboen
2. Bere han til busshaldeplassen
3. Levere han på ein attvinningsstasjon



haldnøgreint

www.holdnorerent.no
www.loop.no

RETURSAMARBEIDET
LOOP